

Helse Vest RHF
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

Att. Bjørklund, Kjell Einar

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandamar:	Dato:
	2015/4085 - 36981/2016	Leif Terje Alvestad tlf 52732955	01.12.2016

Regjeringa sin tiltakspakke for auka sysselsetting - innmelding av aktuelle tiltak 2017

Helse Fonna HF synar til skriv datert 22.11.16 kor det informerast om at regjeringa i framlegg til statsbudsjett for 2017 har lagt fram ein særskilt tiltakspakke for å auka sysselsettinga på Sørlandet, Vestlandet og Nordvestlandet, kor Helse Vest blir tildelt 70 millionar kroner til formålet.

Det kjem i tillegg fram at midlane vil bli fordelt av Helse Vest RHF etter ei individuell vurdering, og at det skal rapporterast på sysselsettingseffekten.

Helse Vest RHF opplyser at ein ved fordeling av midlane vil sjå hen til følgjande moment:

1. Høg sysselsettingseffekt
2. Tillegg til planlagt aktivitet
3. Rask oppstart
4. Geografisk spreing

Helse Fonna HF har identifisert fleire moglege vedlikehaldstiltak ved dei einskilde sjukehusa, som tilfredsstillar kravet om høg sysselsettingseffekt og kjem i tillegg til planlagd aktivitet. Når det gjeld iverksetjing vil det være mogleg å påbyrja fleire av tiltak raskt gjennom avrop mot lovlege rammeavtaler med handverksfirma, samt utløysing av opsjonar på inngåtte kontraktar. Nokre av tiltaka er av ein slik art at dei må kunngjerast på Databasen for offentlige anskaffingar, og reglane i lov om offentlige anskaffingar må følgjast.

I 2011 kartla MultiConsult AS føretakets bygningsmasse ved bruk av Multimap verktøyet. Kartlegginga synte at bygningane hadde varierende teknisk tilstand, og at 26 prosent av bygningane kunne betraktast som meget god eller tilfredsstillande. Resterande bygningsmasse ble vurdert som utilfredsstillande, kor 48 prosent av arealet ble betrakta som svært dårleg.

De tiltak som må gjennomførast i løpet av 0 – 5 år var i rapporten berekna til kr 1 170 mill for føretaket som heilhet. Tiltak som bør gjennomførast i løpet av en 6 – 10 periode var anslått til kr 465 mill.

Fleire av føretakets eigedomar er omfatta av Forskriftsfreding (verneklasse 1) og bevaring (verneklasse 2). Det er utarbeida forvaltningsplanar for det einskilde kompleks i tråd med krav i Landsverneplan for Helsesektoren og kongelig resolusjon.

Det er knytt ekstra kostnadar til vedlikehald av bygningar og parkanlegg som har vernebestemmelsar, både for prosjekterande og utførande. Kulturminnelovens paragraf 17 fastsetter vedlikehaldsplikt for freda eigedomar og plikt til å forhindre at eigedomane som er freda forfell.


Føretaket har ikkje fått tilleggsøyve som kompensasjon for dei meirkostnadane som er knytt til vedlikehald av dei bygg som er verna. Fleire av tiltak som ein no søker om midlar til gjeld vedlikehald av verna bygg.

Vedlagt følgjer ei samla oversikt som synar dei vedlikehaldstiltaka som ein har identifisert og som ein søker om å få midlar til i 2017. Informasjon om det einskilde tiltaket er i samsvar med føringane i frå Helse Vest RHF.

Dersom det skulle være behov for ytterlegare informasjon om tiltaka vil dette kunne sendast over på kort varsel.

Dette skriv saman med vedlagte tiltaksoversikt vil bli lagt fram for tillitsvalte den 13.12.16 og for arbeidsmiljøutvalet (AMU) den 15.12.16. I tillegg vil skrivet bli lagt fram for styret i Helse Fonna HF som skriv og meldingar den 19.12.16.

Vennleg helsing



Olav Klausen

Administrerande direktør

Helse Fonna HF														
Sykehus:		Prioritet	Bygg:	Bygningsdel	Tiltak	Beskrivelse av tiltaket:	Kostnads- estimat	Sysse- lsetting s- effekt	Arbeids- innsats andel i prosent	Material andel i prosent	Oppstart plan- legging	Oppstart gjennomføring	Anskaff metode	Merknader
*														
Stord	1	Hovedblokk og blokk K, I og G	Alle fløyer og etasjer.	Vernede fasader inkl. tak, vinduer og solskjerming. Tiltakene kan brytes ned i mindre tiltak, som kun vindu og lyskupper etc.	Videreføre det rehabiliteringsarbeidet som en har påbegynt i 2016. Det er ønskelig å få ferdigstilt rehabiliteringen av hele sjukehusbygget.	7 000 000	Høy	70	30	januar	januar- april	Opsjon	Bygningsvern.	
Haugesund	2	M-blokk	6 etg - kjøkken	Ferdigstille rehabilitering av lokalene	Rehabilitering av kjøkkenlokalene påbegynt høste 2016. Ferdigstille lokalene primo jan 2017.	300 000	høy	70	30	januar	jan-feb	Opsjon		
Stord	3	Gamle Føden		Rehabilitering av basseng	Utbedring av lekkasje i basseng	200 000	Høy	80	20	Januar	jan-feb	Rammeavtale	Foreligger estimat	
KDPS	4	Hovedbygg,	Fasade	Utbedring/ maling	Det er behov for å rehabilitere fasade ved KDPS - selv om bygget ikke er spesielt gammelt. Viktig at dette blir gjort for å forhindre forfall.	500 000	Høy	80	20	Februar	april -juni	Anbud		
Haugesund	5	Vinjesgt 12 og 14		Renovering av leiligheter	Totalrenovering innvendig av 6 leiligheter, male, gulvbelegg, kjøkken, bad, tapet	2 500 000	Høy	80	20	Januar	Januar - april	opsjon		
Haugesund	6	Øst-blokk	Fasade	Skifte vinduer i øst blokken (laboratoriet og patologi)	Gjennomføre arbeidet med å skifte ut vinduer og utbedring av fasade i en etasje med opsjon på en etasje (to etasjers blokk).	1 500 000	Høy	60	40	januar	mars-juni	Anbud		
Valen	7	Søsterheimen	Tak - Altaskifer	Takreperasjon	Skifting av skadde heller, vannbord, takvindu. Reperasjon av skadd undertak/papp. Montering manglende heller. Maling//rep kledning på ventilasjonshus på tak. Bygg verneklasse 2.	200 000	Høg	70	30	Mars	April-september	Rammeavtale	Reperasjon av tak, bytting av heller, rep eller skifting av takvindu	
Haugesund	8	M-blokk		Sengesentral - generell oppussing	Det er et stort behov for oppussing og renovering. Maling, gulvbelegg Renoveringen bør gjøres på kveldstid ev helg for ikke å hindre driften.	1 000 000	Høy	70	30	Februar	Mai-juni	Rammeavtale		
Valen	9	Nye Valemon	1. og 2.etg	Oppussing 3 pasientrom	Maling tak/vegger, skifting av gulvbelegg	120 000	Høg	70	30	Februar	Februar - mai	Rammeavtale	Nedslitt	
Odda	10	Sjukehusbygget		Renovering lab.	Maling vegger og tak, 153 m2. Utskiftning av all innredning.	300 000	Middels	60	40	Mars	Mai - juni	Rammeavtale		

Stord	11	Teknisk bygg	3 etasjer	Male fasader	Male fasade	300 000	Høy	80	20	Februar	April - mai	Rammeavtale	Bygningsvern.
Stord	12	Hovedbygg,		Asbestsanering	Asbestsanering over himling i korridor 1. etg. vest. Og delvis vertikale sjakter i 1. etg. vest. Bør prioriteres for kabling til WLAN	1 000 000	Høy	80	20	Februar	Mars - juli	Rammeavtale	Høyt antall timer. Utføres av rammepartner
Odda	13			Renovering korridor + kontor opr.avd.	Maling vegger og tak kontor + maling av vegger og ny himling korridor 85 m2	200 000	Høy	60	40	April/mai	Juli	Anbud	
Valen	14	Gml Valemon	Tak - lappheller	Takreperasjon	Skifting av skadde heller, vannbord, takvindu. Reperasjon av skadd undertak/papp. Montering manglande heller. Maling//rep kledning på ventilasjonshus på tak. Bygg verneklasse 2.	100 000	Høg	70	30	Mars	April - september	Rammeavtale	Rep sløysar, lause/manglande heller, maling takhattar
Valen	15	Gml Hordabu	Tak - lappheller	Takreperasjon	Reperasjon av sløysar og ontering av manglande heller, mindre reperasjon av undertak. Maling av ventilasjonshetter (metall)	100 000	Høg	70	30	Mars	April-september	Rammeavtale	Rep sløysar, lause/manglande heller, maling ventilasjonshetter
Valen	15	Gml Hordabu	Fasade sør	Maling fasade	Maling og reperasjon av av murfasade.	150 000	Høg	70	30	Mars	mai/august	Rammeavtale	Rest murfasade som ikkje er malt dei siste 8 år

15 470 000